



Arkivnr: 2015/4501-10

Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.09.2015

#### Lovlegkontroll - Fylkesutvalsak 198/2015, møte 27.08.2015.

##### Samandrag

Fylkesutvalsrepresentantane Sveinung Valle (AP), Benthe Bondhus (SP) og Aud Karin Oen (SV) har i brev av 27.08.2015 kravd lovlegkontroll over fylkesutvalet sitt vedtak i sak 198/2015. Kravet er grunngjeve i at saksdokumenta ikkje var tilgjengeleg for ålmenta forut for handsaminga i fylkesutvalet og at saka er mangelfullt utgreia ved at det ikkje er lagt fram særskilte retningsliner. Det er i tillegg reist krav om at klaga vert gjeve oppsettande verknad.

Fylkesrådmannen har bede Advokatfirma Thommessen AS om ei vurdering av klaga. På bakgrunn av nemnte vurdering av 10.09.15 rår fylkesrådmannen til at fylkesutvalet sitt vedtak i sak 198/2015 vert oppretthalde. Fylkesrådmannen rår til at klagen ikkje vert gjeve oppsettande verknad, jf. kommunelova § 59, 3. ledd.

##### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet sitt vedtak i sak 198/2015 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll vert oversendt departementet for avgjerd.
2. Klagen vert ikkje gjeven oppsettande verknad, jf. kommunelova § 59, 3. ledd.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

##### Vedlegg

- 1 Kopi - krav om lovlegkontroll - avtale med JCDecaux - reklame på rullande materiell
- 2 Notat frå Advokatfirmaet Thommessen AS datert 10.09.2015

## Fylkesrådmannen, 10.09.2015

Fylkesutvalet fatta den 27.08.15 følgjande vedtak i sak 198/15:

*"Fylkesutvalet godkjenner avtale med JCDecaux om reklame på rullande kollektivmateriell og gjev fylkesrådmannen fullmakt til å signere avtalen."*

Fylkesutvalsmedlemmene Sveinung Valle (AP), Benthe Bondhus (SP) og Aud Karin Oen (SV) har i brev av 27.09.2015 stilt krav om lovlegkontroll av vedtaket, jf. kommunelova § 59.

Kravet er grunngjeve i at saksdokumenta ikkje var tilgjengeleg for årmenta forut for handsaminga i fylkesutvalet og at saka er mangefullt utgreia ved at det ikkje er lagt fram særskilte retningsliner. I brevet av 27.09.2015 vert det vidare reist krav om at klaga vert gjeve oppsettande verknad.

Kommunelova § 59, 2 ledd har følgjande ordlyd:

*Krav om lovlighetskontroll framsettes for det organ som har truffet den aktuelle avgjørelse. Hvis dette opprettholder avgjørelsen, oversendes saken til departementet.*

Fylkesrådmannen har bedt Advokatfirma Thommessen AS om å foreta ei vurdering av klagen. I vedlagte vurdering av 10.09.15 konkluderer advokatfirmaet med følgjande:

*"Etter vår oppfatning foreligger det ikke påviste feil ved måten vedtaket er blitt til på. Under enhver omstendighet ikke feil som har påvirket vedtakets innhold. Det er følgelig ikke grunnlag for å endre vedtaket. Krav om lovlighetskontroll blir derfor å oversende departementet for avgjørelse, jfr kommunelovens § 59 nr 4.*

*Kravet om lovlighetskontroll gis ikke oppsettende virkning."*

Fylkesrådmannen har vurdert kravet om utsettande verknad. Thommessen har i si vurdering gitt ei nærmare utgreiing om når det bør gjerast vedtak om utsett iverksetjing. Ut frå det som er sagt der finn fylkesrådmannen ikkje grunnlag for å rá til utsett iverksetjing.

### Særskilt om retningslinjer knytt til reklame

Fylkesrådmannen vil i det følgjande gjere greie for kva som er vedteke og vurdert i høve retningslinjer knytt til reklame på rullande materiell og kollektivterminalar. Konkret i fylkestingsvedtaket ligg det føre klare retningsliner for plassering av reklame på buss og bane, i tillegg har administrasjonen i sjølve konkurransen gjort avklaring av retningslinjer knytt til innhaldet i reklamen og forvaltning av eit redaktøransvar for det som blir vist på reklameplasseringane.

#### 1. *Retningslinjer knytt til plassering av reklame på rullande materiell/kollektivterminalar*

Retningslinjer knytt til plassering av reklame vart vedteke av fylkestinget i sak 68/13 :

- a) Bus innvendig
  - a. Takbogar
  - b. Digitale skjermar der dette er lønsamt i kombinasjon med nyheiter og kommunikasjon frå Skyss, vekeplakatar elles
- b) Bybanen innvendig
  - a. Digitale skjermar i kombinasjon med nyheiter og kommunikasjon frå Skyss
- c) Hurtigbåt innvendig
  - a. Vekeplakatar (på vegg) og digitale skjermar

- d) Buss utvendig
  - a. Lite bakfelt
- e) Terminalar som i dag ikkje er ein del av vegvedlikehaldet

## *2. Retningslinjer knytt til retusjering og sømlegheit*

Statens institutt for forbruksforskning (Sifo) har på oppdrag frå dåverande barne- og likestillingsminister Inga Marte Thorkildsen utgreia spørsmålet om å påby merking av retusjert reklame. Utgreiinga resulterte i rapporten "Retusjert reklame og kroppspress" som kom i 2014. I rapporten konkluderte ein med at "Alle tiltak som kan bekjempe [stort kroppspress ute i samfunnet, og som særlig mange unge jenter sliter med] bør [...] utredes og prøves." Etter det fylkesrådmannen kan sjå har det så langt ikkje vore politisk prosess knytt til dette temaet etter at rapporten vart framlagt.

Administrasjonen har vurdert at det i praksis vil vere vanskeleg å handtere eit lokalt forbod eller pålegg om merking av retusjert reklame i Hordaland åleine, sidan dei fleste reklamekampanjar er nasjonale eller internasjonale. Retningsliner som spesifikt omhandlar retusjering er følgjeleg ikkje teke inn som ein del av avtalen som vart forhandla fram om reklame på buss og bane i Hordaland. I retningslinene som ligg i avtalen heter det: «Reklameoperatøren skal sørge for at reklamen som visast på dei definerte reklameplassane ikkje er i strid med de lovkrav som til ein kvar tid er fastsatt. Reklameoperatøren skal søke å unngå reklame som kan virke støytende på ålmenta eller reklame som etter Oppdragsgivars oppfatning elles er av ein slik art at det kan vere uheldig med tanke på Oppdragsgivars forhold til publikum. Det skal være en tett dialog mellom Oppdragsgivar og Reklameoperatør for å definere sømmelighetskriterier og kva som kan virke uheldig for Oppdragsgivar.»

Eit eventuelt framtidig nasjonalt eller regionalt krav til merking av retusjert reklame vil såleis verte tatt til følgje, i tråd med desse retningslinene.

## **Oppsummering**

I tråd med vurderingane i nemnde notat frå Advokatfirmaet Thommessen rår fylkesrådmannen til at fylkesutvalet sitt vedtak i sak 198/15 vert oppretthalde, og at klaga ikkje vert gjeve oppsettande verknad, jf. kommunelova § 59, 3. ledd.